

Kommentarar til vedlegg som følgjer søknaden «Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar»

Til Hordaland fylkeskommune

Eg viser til e-postkorrespondanse og telefonsamtale 27.04.16 med Marianne Ose Askvik vedrørande retningslinjene for driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar, der Askvik bad om at vi sender inn kommentarane våre som eit eige vedlegg i søknaden.

Kommentar til rapportering av teljande medlemmar og samla medlemstal:

Ein del av dei som er medlemmar i dei lokale gruppene våre er registrerte med postadresse/folkeregistrert adresse andre kommunar enn kommunar i Hordaland fylkes. Dette kjem fram av medlemslistene våre, ved at det viser kva kommune og fylke medlemmane har postadresse, samt kva lokal gruppe dei har tilknytning til som medlem og kva kommune denne gruppa ligg i. Vi har derfor telt desse med i våre medlemstal. Mange av medlemmane våre som er studentar har gjerne flytta til Bergen for å studere, men har framleis postadresse i si «heimkommune» og har starta sitt KFUK-KFUM-medlemsskap i grupper andre stadar i landet, men har så flytta til Hordaland og blitt med i lokalt KFUK-KFUM-arbeid her.

Kommentar til «Hovudstyre»:

Dette har vi tolka som det regionale styret i organisasjonen, så for vårt vedkomande er det kretsstyret, og ikkje Forbundsstyret i Norges KFUK-KFUM (nasjonalleddet).

Kommentar til vedlegg «Medlemsliste»:

Medlemslistene som vi tar ut frå vår medlemsdatabase inneholder ikkje fødselsdato, dette på grunn av reglement knytt til vern av personlege data og opplysningar. Alder på medlemmane våre kjem fram ved at denne vert oppgitt som alder per 31.12, så i vedlagt medlemsliste er dette då alder per 31.12.15. Både Fordelingsutvalet og LNU, som m.a. fordelar Frifond midlar godkjenner denne type medlemslister, og vi ber derfor om at fylkeskommunen også godkjenner medlemsliste som ikkje har full fødselsdato, men per 31.12 for føregåande kalenderår.

Kommentar til vedlegg «Rullerende tiltaksplan 2016»:

Dette dokumentet tilsvrar arbeidsprogram. Vi har ikkje eit eige arbeidsprogram utover den rullerande tiltaksplanen, då den saman med organisasjonen sine toårsmål vedtatt av Landsmøtet 2015 for perioden 2015-2017 er dei styrande måldokumenta for vårt programarbeid for barn og unge.

Kommentar til vedlegg «årsmøteprotokoll»:

Vi legg ved signert årsmøteprotokoll då det er årsmøtet som godkjenner rekneskapet vårt, då vi ikkje fell under revisjonsplikta.

Kommentar til krav om rekneskap og årsmelding for moderorganisasjon:

I følgje retningslinjene for å søkje om driftsstønad står det at «dersom din organisasjon er ein del av ein moderorganisasjon, skal søker legge ved både eigne og moderorganisasjonen sine vedtekter, rekneskap og årsmelding». KFUK-KFUM er organisert slik at KFUK-KFUM Bjørgvin er ein krets som er ein del av det nasjonale forbundet Norges KFUK-KFUM, men kretsen er sjølvstendig juridisk eining med eigen økonomi, og ikkje ei avdeling i Norges KFUK-KFUM, ei heller ein del av Norges KFUK-KFUM sin økonomi. Vi deler dermed ikkje økonomi med «moderorganisasjonen» vår. Rekneskapet for Norges KFUK-FUM gjeld for nasjonalleddet, dvs. kostnadene knytt til drift av forbundskontoret, nasjonale arrangement og andre utgifter knytt til nasjonal drift. Norges KFUK-KFUM og kretsane har ein avgrensa økonomisk samhandling som omfattar innkrevjing av medlemskontingent, givarteneste og lønsutbetalingar o.l., og dette er fastsett og regulert gjennom SAMØK-avtalen, vedtatt av Landsmøtet, men KFUK-KFUM Bjørgvin har likevel ein eigen, sjølvstendig økonomi og eige rekneskap.

Derfor ser vi ingen grunn til å skulle legge ved det nasjonale rekneskapet som vedlegg til søknaden vår. Vi legg ved rekneskapet for KFUK-KFUM Bjørgvin.

Norges KFUK-KFUM produserer heller ikkje ordinære årsmeldingar, men nasjonal toårsmelding i forkant av kvart Landsmøte (som er anna kvart år). Sist landsmøte var i 2015, så siste toårsmelding gjeld for perioden 2013-2015. Dersom det er ønskeleg å lese den nasjonale toårsmeldinga for perioden 2013-2015, er den tilgjengeleg som elektronisk utgåve her: <http://kfuk-kfum.no/om-oss/arbeid/toaarsmelding-2013-2015>

Kretsstyret i KFUK-KFUM Bjørgvin legg fram årsmelding for vår programaktivitet til årsmøtet, og denne er lagt ved som vedlegg til søknaden vår.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål eller ha behov for utfyllande informasjon.

Bergen, 27.04.16

Alice Jeanette Vatnehol
Kretssekretær/dagleg leiar KFUK-KFUM Bjørgvin